

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Formannskapssalen
Dato: 16.12.2016
Tid: Kl. 09:00

Faste representantar som møtte:

Britt Domben Mulelid
Frank Midtbø
Rakel Rise Hallset

Forfall faste representantar:

Harry Gulestøl
Nils Jørgen Sagebø

Fylgjande vararep. møtte:

Joar Årøen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
49/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
50/16	Skriv og meldingar
51/16	Forvaltningsrevisjon - val av nytt prosjekt 2016
52/16	Rekneskapsrevisjon 2016 - informasjon frå revisor (utsett sak)
53/16	Oppfølgingsliste og merknader 7 - 2016

Nestleiar Rakel Rise Hallset leia møtet.

Andre som møtte: SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim, KRYSS Revisjon ved Stig Årdal (sak 49 - 51) og Trine Vokuhl Havn

Underskrifter:

49/16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 16.12.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 49/16 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

50/16: Skriv og meldingar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 16.12.2016:

Tilbakemelding frå Joar Årøen om kommunestyremøte der forvaltningsrevisjon vart lagt fram utan at leiar var til stades.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 50/16 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

51/16: Forvaltningsrevisjon - val av nytt prosjekt 2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage» av KRYSS Revisjon. Problemstillingar i prosjektet:

- Korleis sikrar kommunen at elevar får tilpassa opplæring/spesialundervisning?
- Har kommunen rutinar som sikrar at sakshandsaminga er i samsvar med lov- og regelverk, og vert rutinane følgde?
- Er det samsvar mellom vedtak om spesialundervisning/tilpassa opplæring og faktisk tilbod.

Frist for levering av prosjektplan: 16.1.17

Frist for levering av rapport: 1.12.17

Handsaming i Bremanger kontrollutval 16.12.2016:

Det vart drøfta andre prosjekt til mogeleg prioritering seinare:

Innkjøpsområdet

Saksgang ved henvendingar frå innbyggjarar til servicekontoret

Tilleggsframlegg i møtet:

Har kommunen rutinar som sikrar overføring frå grunnskule til vidaregåande skule, og vert rutinane følgde?

Tilrådinga med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteken.

BRE- 51/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage» av KRYSS Revisjon. Problemstillingar i prosjektet:

- Korleis sikrar kommunen at elevar får tilpassa opplæring/spesialundervisning?
- Har kommunen rutinar som sikrar at sakshandsaminga er i samsvar med lov- og regelverk, og vert rutinane følgde?
- Er det samsvar mellom vedtak om spesialundervisning/tilpassa opplæring og faktisk tilbod.

- Har kommunen rutinar som sikrar overføring frå grunnskule til vidaregåande skule, og vert rutinane følgde?

Frist for levering av prosjektplan: 16.1.17

Frist for levering av rapport: 1.12.17

52/16: Rekneskapsrevisjon 2016 - informasjon frå revisor (utsett sak)**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til vitande.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 18.11.2016:

Framlegg i møtet:

Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

BRE- 46/16 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 16.12.2016:

Trine Vokuhl Havn informerte om korleis KRYSS Revisjon arbeider og viste revisjonssystemet Descartes.

Kontrollutvalet ønskjer oversikt frå administrasjonen over investeringsprosjekt og status for levering av prosjektrekneskap.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 52/16 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til vitande.

53/16: Oppfølgingsliste og merknader 7 - 2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 16.12.2016:

Kontrollutvalet set opp sak til neste møte med drøfting av prioritering av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for resten av perioden.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 53/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.